



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Prop. 16 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2019 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 22. november 2019,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2019.

Dei reviderte overslaga for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2019 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmer forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 373 mill. kroner, å auka løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 577 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 60 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar blir auka med 144 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvingane for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med 44 mill. kroner.

### Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forskning mv.

*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2019 er 26,7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1 mill. kroner som følge av at utgifter til departementets del av EU-kontingentar er lågare enn det som er lagt til grunn i saldert budsjett.

### Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Løyvinga for 2019 er 352,5 mill. kroner.

Løyvinga på posten for 2019 gjeld Prosjekt 3 i IKT-moderniseringsprogrammet for Arbeids- og velferdsetaten. Samla ramme for Prosjekt 3, jf. Stortinget sitt vedtak nr. 241 (2018–2019), ligg fast. Men det er behov for ei anna tidsmessig fordeling av midlane for prosjektet enn det som tidlegare låg til grunn. For å bringe løyvinga i tråd med realistisk budsjett for det enkelte budsjettåret, foreslår ein å redusere løyvinga for 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 294 mill. kroner.

**Kap. 601, 604, 605, 612, 614, 615, 616, 634, 635, 640, 642, 648, 660, 664, 666, 667, 2470, 2541, 2542, 2620, 2650, 2651, 2655, 2661, 2670, 2680, 2686, 3605, 3614, 3634, 3640, 3642, 5571, 5607, 5701, 5704, 5705**

**Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2019 er 11 844,1 mill. kroner.

I samband med den nye IA-avtalen, jf. Prop. 48 S (2018–2019), blei det løyvt 15 mill. kroner under kap. 605, post 01 til personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten til gjennomføring av forsøket med kompetansetiltak til sjukmelde.

Forsøket er forseinka og vil ikkje starte opp før i 2020, sjå også kap. 2650, post 76 Tilskott til eksperthjelp og kompetansetiltak for sjukmelde. Eit forprosjekt vil likevel starte opp denne hausten. Prosjektet skal blant anna gi kunnskap om målgruppa, samt gi høve til å utvikle og prøve ut verk-tøy for å identifisere målgruppa for forsøket, kartlegge kompetanse, kompetansebehov, helseutfordringar og behov for tilrettelegging. Det er venta at det vil bli nytta 3 mill. kroner til personellressursar i Arbeids- og velferdsdirektoratet og i forsøksfylka i samband med iverksetjing, oppfølging og drift av forprosjektet i 2019. Samtidig er det venta eit mindreforbruk på 12 mill. kroner under kap. 605, post 01 i 2019 pga. forseinka iverksetjing av tiltaket. Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 605, post 01 med 12 mill. kroner.

Vidare foreslår departementet å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner som følge av høgare inntekter for Arbeids- og velferdsetaten, jf. omtale under kap. 3605, post 04. Dette er ei parallelljustering av utgifts- og inntektskapittelet.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 605, post 01 med i alt 10,2 mill. kroner.

*Post 22 Forskings- og utgreiingsverksemd*

Løyvinga for 2019 er 57,2 mill. kroner.

I samband med den nye IA-avtalen blei det løyvt 3 mill. kroner på posten til utgifter til evaluering av tiltaka tilskott til ekspertbistand og forsøk med kompetansetiltak for sjukmelde. Oppdaterte anslag viser at berre delar av desse midlane vil bli nytta i 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

**Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten***Post 04 Tolketenester*

Løyvinga på posten er 2,7 mill. kroner.

Mellom anna på grunn av inntektene så langt i år, er anslaget for inntektene på posten i 2019 auka til 4,5 mill. kroner. Sjå også forslag om parallelljustering av løyvinga på kap. 605, post 01.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner.

**Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse***Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving**Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 på post 01 er 4 970 mill. kroner.

Løyvinga for 2019 på post 22 er -1 649 mill. kroner.

Løyvinga for 2019 på post 70 er 176 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 612 med totalt 30 mill. kroner. Post 01 er foreslått redusert med 64 mill. kroner, post 22 er foreslått auka med 41 mill. kroner og post 70 er foreslått redusert med 7 mill. kroner.

Reduksjonen kjem i hovudsak av at anslaget over premieinntekter (arbeidsgivarpremie og medlemsinnskot) er auka. I motsett retning viser oppdaterte anslag at mellom anna utbetalte AFP-pensjonar og anslag for sluttoppgjer er auka.

**Kap. 614 Bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2019 er 32 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på føresetnader om at volumet i bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse er auka, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

*Post 90 Utlån, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 10 100 mill. kroner.

Anslag for utbetalte lån i 2019 er auka med 1 700 mill. kroner. Auken kjem av at talet på innkomne søknader er auka samanlikna med anslag i revidert nasjonalbudsjett for 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 700 mill. kroner.

**Kap. 3614 Bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse***Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Løyvinga for 2019 er 28 mill. kroner.

Nytt anslag baserer seg på føresetnader om at volumet i bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse er auka, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

#### *Post 90 Tilbakebetaling av lån*

Løyvinga for 2019 er 11 100 mill. kroner.

Nytt anslag skuldast ein reduksjon i talet på innfridde lån og at gjennomsnittleg innfridd beløp er redusert.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 800 mill. kroner.

### **Kap. 5607 Renter av bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse**

#### *Post 80 Renter*

Løyvinga for 2019 er 1 048 mill. kroner.

Anslaget for renteinntekter er redusert med 110 mill. kroner. Reduksjonen skuldast lågare rentenivå enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2019. I motsett retning trekk ei oppjustering av volumføresetnadene som er lagt til grunn i kap. 614 og kap. 3614.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 110 mill. kroner.

### **Kap. 615 Yrkesskadeforsikring**

#### *Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 91 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2019 og prognose for utbetalingar ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

### **Kap. 616 Gruppelivsforsikring**

#### *Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 206 mill. kroner.

Nytt anslag er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2019 og prognose for utbetalingar ut året. Utbetalte gruppelivserstatningar varierer frå år til år og er mellom anna avhengig av kor mange prioriterte etterlatne avdøde har.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 36 mill. kroner.

### **Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak**

#### *Post 76 Tiltak for arbeidssøklarar, kan overførast*

Løyvinga for 2019 er 7 095,5 mill. kroner.

For å dekke eit merbehov under *post 78 Tilskott til arbeids- og utdanningsreiser* på 4,5 mill. kroner, jf. omtale under *post 78* blir det foreslått at *post 76* blir redusert med tilsvarende beløp.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner.

#### *Post 78 Tilskott til arbeids- og utdanningsreiser*

Løyvinga for 2019 er 68,1 mill. kroner.

Arbeids- og utdanningsreiser skal bidra til at personar som har forflyttingsvanskar grunna varig nedsett funksjonsevne, kan vere i ordinært arbeid eller gjennomføre arbeidsretta utdanning. I 2019 har det vore ein auke i talet på deltakarar i ordninga, og det blir anslått at løyvinga må auke med 4,5 mill. kroner dersom aktiviteten skal halde fram på dagens nivå.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner.

### **Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak**

#### *Post 85 Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak*

Løyvinga for 2019 er på 0,2 mill. kroner.

Inntekter frå innfordringar av feilutbetalingar blir berekna til 7,7 mill. kroner i 2019. Auken i inntekter kan henge saman med betre kontrollmoglegheiter og betre registerdata, som gjer at fleire feilutbetalingar blir avdekka og høgare beløp blir kravd inn.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7,5 mill. kroner.

### **Kap. 635 Venteløn**

#### *Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 12 mill. kroner.

Utgiftene er berekna til 11 mill. kroner i 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

### **Kap. 640 Arbeidstilsynet**

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga for 2019 er på 693,1 mill. kroner.

I samband med IA-avtalen er det i 2019 gjeve ei eittårig løyving på posten på 20 mill. kroner, knytt til ein nettportal for å formidla kunnskap og kompetanse om effektivt førebyggjande arbeidsmiljøarbeid. Av løyvinga på 20 mill. kroner viser prognosen eit venta mindreforbruk på 12,7 mill. kroner. Dette kjem av at det tar tid å fullføre utviklinga av portalen. Arbeidstilsynet fekk og ei auka løyving knytt til arbeidsmiljøsetinga i samband med IA-avtalen på 25 mill. kroner. Prognosen for desse midlane tilseier eit mindreforbruk på 24,5 mill. kroner.

Grunna forseinkingar i planleggingsfasen og utsette oppgåver som blir gjennomførte i 2020 er det behov for at løyvinga knytt til IA-tiltaka overførast til 2020. Arbeids- og sosialdepartementet foreslår derfor at posten i 2019 får stikkordet «kan overførast» knytt til desse midlane på 37,2 mill. kroner.

Departementet foreslår i tillegg å auke løyvinga med 0,68 mill. kroner på kap. 640, post 01 som følge av ein auke på kap. 3640, post 06 på 2,4 mill. kroner og ein reduksjon på kap. 3640, post 07 på 1,7 mill. kroner jf. omtale under kap. 3640, post 06 og 07. Dette er ei parallelljustering av utgifts- og inntektskapitla.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga for 2019 er på 11,8 mill. kroner.

Posten dekker dei utgiftene som Arbeidstilsynet har ved å administrere ordninga med regionale verneombod i overnattings- og serveringsverksemdene og reinhaldsbransjen. Utgiftene blir i hovudsak dekte gjennom refunderte inntekter frå fondstyret for verneombodsordninga under kap. 3640, post 08. Prognosen syner ei venta meirutgift knytt til auka aktivitet, på om lag 2,2 mill. kroner, som delvis blir dekkja av ein auke i refusjonsinntekter. Skilnaden mellom utgifts- og inntektsposten har mellom anna komme som følge av uttrekk knyttet til avbyråkratiserings- og effektiviseringsreformen på utgiftssida og ulik prisjustering.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner.

### **Kap. 3640 Arbeidstilsynet**

#### *Post 04 Kjemikaliekontroll, gebyr*

Løyvinga for 2019 er på 7 mill. kroner.

Kjemikalieavgift blir kravd inn av Miljødirektoratet, jf. *Forskrift om deklareringsforskrifta* (deklareringsforskrifta). Dei totale gebyrinntektene for året blir delte mellom Arbeids-

tilsynet og Miljødirektoratet slik at 7/15 av dei totale inntektene blir overført til Arbeidstilsynet. For 2019 tilseier prognosen på kap. 3640.04 ei mindreinntekt på om lag 2,7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner.

#### *Post 05 Tvangsmulkt*

Løyvinga for 2019 er på 2,5 mill. kroner.

Det har for Arbeidstilsynet hittil i 2019 vore naudsynt å bruke tvangsmulktar oftare enn det som låg til grunn for løyvinga. Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosen for 2019 tilseier no ei auka inntekt på om lag 5,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner.

#### *Post 06 Refusjonar*

Det er ikkje løyving på posten.

Inntektene på posten gjeld refusjon for mellombels utlegg og innbetalingar av kursavgifter. Prognosen for 2019 tilseier ei samla inntekt på posten på om lag 2,4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ei løyving på 2,4 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 640, post 01.

#### *Post 07 Byggesakshandsaming, gebyr*

Løyvinga for 2019 er på 22,7 mill. kroner.

Inntektene på posten er knytt til talet på byggesaker som blir innsende til Arbeidstilsynet. Arbeidstilsynet har hittil i 2019 fått færre byggesaker til handsaming enn det som ligg til grunn for løyvinga. Prognosen for 2019 tilseier no ei redusert inntekt på posten på om lag 1,7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 640, post 01.

#### *Post 08 Refusjon utgifter regionale verneombod*

Løyvinga for 2019 er på 13,1 mill. kroner.

Inntektene på posten dekker refusjonar for utgifter til drift av regionale verneombod i overnattings- og serveringsverksemdene og reinhaldsbransjen, som blir administrert av Arbeidstilsynet. Grunna auka aktivitet og auka utgifter vil også refusjonen for utgiftene auke. Prognosen for 2019 tilseier ei auka inntekt på posten på om lag 0,9 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,9 mill. kroner.

*Post 09 Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket*

Posten har ikkje løyving.

Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Prognosen for 2019 tilseier ei inntekt på om lag 33 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ei løyving på 33 mill. kroner på posten.

**Kap. 642 Petroleumstilsynet**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga for 2019 er på 29,4 mill. kroner.

Prosjekt og aktivitetar under oppdrags- og samarbeidsverksemd er i hovudsak initierte av andre aktørar enn Petroleumstilsynet, og etaten har slik avgrensa innverknad på når aktivitetane vil bli gjennomførte. Det har i 2019 vore noko høgare aktivitet enn først planlagt, tilsvarande ei auka utgift på 0,6 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner.

**Kap. 3642 Petroleumstilsynet**

*Post 03 Gebyr tilsyn*

Løyvinga for 2019 er på 71,2 mill. kroner.

Forventa prognose for inntekter på posten tilseier ein auke på om lag 9,2 mill. kroner. Dette kjem av mellom anna at Petroleumstilsynet har måtta gjennomføre fleire granskingar og andre naudsynte gebyrfinansierte oppgåver enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 9,2 mill. kroner.

**Kap. 5571 Sektoravgifter under Arbeidsdepartementet**

*Post 70 Petroleumstilsynet – sektoravgift*

Løyvinga for 2019 er på 122,1 mill. kroner.

Forventa prognose for inntekter på posten tilseier ein reduksjon på om lag 5,5 mill. kroner. Forventa mindreinntekt skuldast ei naudsynt forskyving mellom sektor- og gebyrfinansierte aktivitet, jf. omtale under kap. 3642, post 03.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner.

**Kap. 648 Arbeidsretten, Riksmekklaren mv.**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01*

Løyvinga er på 1,6 mill. kroner.

Prognosen for posten tilseier ei venta mindreutgift.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,6 mill. kroner.

**Kap. 660 Krigspensjon**

*Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 58 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 1 mill. kroner som følge av redusert anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 160 mill. kroner

Anslaget på posten er auka med 3 mill. kroner hovudsakleg som følge av at talet på mottakarar ser ut til å bli høgare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

**Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn**

*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2019 er på 39 mill. kroner.

Anslaget for tilskott for ytingane som blir dekte av statstilskottet etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 er oppjustert med 1 mill. kronar, som følge av auke i anslag for gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

**Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)**

*Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 2 480 mill. kroner

Anslaget på posten er auka med 10 mill. kroner, hovudsakeleg som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

### **Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år**

#### *Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er på 330 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 10 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

### **Kap. 2470 Statens pensjonskasse**

#### *Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2019 er -17,4 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår følgende endringar som i sum ikkje endrar løyvinga på post 24 Driftsresultat:

#### *Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving*

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ein auke i driftsinntektene med 5 mill. kroner til 657,7 mill. kroner mot tilsvarende auke av underpost 24.6 Til reguleringsfond.

#### *Underpost 24.6 Til reguleringsfond*

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår ein auke i avsetting til reguleringsfondet med 5 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

### **Kap. 2541 Dagpengar**

#### *Post 70 Dagpengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 9 200 mill. kroner.

Gjennomsnittleg utbetaling per dagpengemottakar i 2019 ligg an til å bli lågare enn tidlegare anslått, mens talet på dagpengemottakarar ligg an til å bli noko høgare. Totalt sett fører det med seg at løyvinga for 2019 bereknast til 9 040 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 160 mill. kroner.

### **Kap. 5705 Refusjon av dagpengar**

#### *Post 70 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs*

Løyvinga for 2019 er 13 mill. kroner.

Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs blir berekna til 23 mill. kroner i 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

### **Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.**

#### *Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er på 845 mill. kroner.

Talet på saker inn til garantiordninga har auka med 2,2 pst. så langt i år. Auka inngang av saker i 2018 bidreg også til å gje eit høgt saksnivå i ordninga. Utgiftene i 2019 blir berekna til 945 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

### **Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs**

#### *Post 70 Dividende*

Løyvinga for 2019 er på 200 mill. kroner.

Inntektene for 2019 ligg an til å bli 175 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

### **Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far**

#### *Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 147 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 15 mill. kroner som følge av justert anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

#### *Post 73 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 72 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 7 mill. kroner som følge av justert anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

*Post 76 Bidragsforskott*

Løyvinga for 2019 er 720 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 5 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

**Kap. 2650 Sjukepengar***Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 37 300 mill. kroner.

I Prop. 114 S (2018–2019) er det lagt til grunn ein nullvekst i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2018 til 2019. Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2019, tilseier no ein auke i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2018 til 2019 på 0,5 pst. Vidare blir anslaget for forventa vekst i sjukepengegrunnlaget oppretthalde på 3,2 pst. Anslaget for forventa sysselsettingsvekst er oppjustert frå 1,4 til 1,6 pst. Samla sett inneber dette høgare sjukepengeutbetalingar i 2019 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 260 mill. kroner.

*Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 1 380 mill. kroner.

I Prop. 114 S (2018–2019) er det lagt til grunn ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråveret for sjølvstendige frå 2018 til 2019 på 6 pst. Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2019 tilseier no ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråveret frå 2018 til 2019 på 5,0 pst. Vidare er anslaget for forventa vekst i sjukepengegrunnlaget redusert frå ein vekst på 4,0 pst. til ein vekst på 3,7 pst. Anslaget for forventa sysselsettingsvekst er oppjustert frå 1,4 til 1,6 pst. Samla sett inneber dette høgare sjukepengeutbetalingar i 2019 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

*Post 72 Pleie-, opplærings- og omsorgspengar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 946,5 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 51,5 mill. kroner.

*Post 76 Tilskott til ekspertbistand og kompetansetiltak for sjukmelde, kan overførast*

Løyvinga for 2019 er 102 mill. kroner.

Midlane under denne posten blei løyvde som følge av ny IA-avtale for åra 2019–2022 i samband med behandlinga av Prop. 48 S (2018–2019). I avtalen blei partane mellom anna einige om å etablere eit forsøk med kompetansetiltak for langtidssjukmelde som på grunn av sjukdom eller skade ikkje kan komme tilbake til sin tidlegare arbeidsgivar. Det er løyvd 53,5 mill. kroner til kompetansetiltaket under denne posten.

Det vil bli starta opp eit forprosjekt hausten 2019 som mellom anna skal gi kunnskap om målgruppa, men sjølve forsøket vil ikkje starte opp før i 2020. Derfor vil det ikkje vere utgifter knytt til kompetansetiltaket under denne posten i 2019.

Oppstart av forsøket med kompetansetiltak i 2020 medfører også mindre behov for personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten i 2019, jf. omtale under kap. 605, post 01.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 53,5 mill. kroner.

**Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar***Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 182 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2019 blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

*Post 72 Legeerklæringar*

Løyvinga for 2019 er 390 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2019 blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner

**Kap. 2655 Uføre***Post 70 Uføretrygd, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 94 490 mill. kroner.

I Prop. 114 S (2018–2019) var det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal for mottakarar av uføretrygd i 2019 på om lag 346 300. Anslaget er no at gjennomsnittleg tal for mottakarar i 2019 blir om lag 346 600, dvs. ein auke på om lag 300. Auken i anslaget for gjennomsnittleg tal for mottakarar bidrar isolert sett til ein auke i utgiftsanslaget på om lag 100 mill. kroner. Samstundes har utgiftsanslaget auka med om lag 200 mill. kroner som følge av at gjennomsnittleg yting er høgare enn det som var lagt til grunn i Prop. 114 S (2018–2019). Dette bidrar til saman til ein auke på 300 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 300 mill. kroner.

*Post 75 Menerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 70 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 2 mill. kroner lågare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

*Post 76 Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 40 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 3 mill. kroner høgare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

**Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.**

*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 1 740 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

*Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 1 540 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

*Post 72 Stønad til servicehund*

Løyvinga er 5,1 mill. kroner. Som følge av at leverandørane av servicehundar ikkje er i stand til å levere alle hundane som avtala, er det venta at utgiftene i 2019 blir om lag 4,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,6 mill. kroner.

*Post 73 Hjelpemiddel mv. under arbeid og utdanning*

Løyvinga for 2019 er 126 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

*Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

Løyvinga for 2019 er 3 340 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 130 mill. kroner.

*Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester*

Løyvinga for 2019 er 310 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

*Post 77 Ortopediske hjelpemiddel*

Løyvinga for 2019 er 1 570 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

*Post 78 Høyreapparat*

Løyvinga for 2019 er 710 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumsvekst i 2019 enn det som blei lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

*Post 79 Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år*

Løyvinga for 2019 er 65,5 mill. kroner.

Løyvinga er rammestyrt. Dette inneber at Arbeids- og velferdsetaten kan stanse å tildele aktivitetshjelpemiddel når løyvinga er brukt opp, sjølv om vilkåret for å få tildelt aktivitetshjelpemiddel er til stades. Det same er tilfellet for dekning av utgifter til reparaasjonar, service og reser-



vedelar. I juni 2019 blei det derfor stans i å tildele aktivitetshjelpemiddel og dekning av utgifter til reparasjonar, service og reservedelar. Dersom det igjen skal dekkast utgifter til reparasjonar, service og reservedelar, vil dette innebere behov for ei tilleggsløyving i 2019 på om lag 0,6 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner.

### Kap. 2670 Alderdom

#### *Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 147 500 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 90 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

#### *Post 72 Inntektspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 2 740 mill. kroner.

Anslaget på posten er redusert med 150 mill. kroner som følge av redusert anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 150 mill. kroner.

#### *Post 73 Særtilllegg, pensjonstillegg mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 6 180 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 10 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

### Kap. 2680 Etterlatne

#### *Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 1 090 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 15 mill. kroner som følge av auka anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

#### *Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 810 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 15 mill. kroner som følge av auka anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

#### *Post 74 Utdanningsstønad*

Løyvinga for 2019 er 0,3 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer og er derfor vanskelege å anslå. På grunn av utviklinga så langt i år er anslaget på posten justert ned med 0,1 mill. kroner i 2019.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner.

### Kap. 2686 Stønad ved gravferd

#### *Post 70 Stønad ved gravferd, overslagsløyving*

Løyvinga for 2019 er 205 mill. kroner.

Anslaget på posten er auka med 5 mill. kroner som følge av justerte anslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

### Kap. 5701 Diverse inntekter

#### *Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga for 2019 er på 774,5 mill. kroner.

Innbetalningar av refusjon av oppgjær frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2018 og så langt i 2019 er på 770,5 mill. kroner. Det er ikkje forventa ytterlegare innbetalningar for resten av året.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

#### *Post 73 Refusjon frå bidragspliktige*

Løyvinga for 2019 er 235 mill. kroner.

Ein må sjå inntektene på posten i samanheng med utgiftene til bidragsforskott på kap. 2620 post 76. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene blir litt lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

#### *Post 80 Renter*

Løyvinga for 2019 er 1,7 mill. kroner.

Mellom anna på grunn av utviklinga så langt i år er inntektene for året samla venta å bli 0,7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1 mill. kroner.

#### *Post 86 Innkrevjing feilutbetalingar*

Løyvinga for 2019 er 1 205 mill. kroner.

Inntektene på posten er venta å bli 1 253 mill. kroner i 2019, 48 mill. kroner høgare enn løyvinga. Auken i inntektsanslaget kjem i hovudsak av at dei forventa inntektene knytt til «uføre etteroppgjjer» har auka. I tillegg tek NAV økonomite neste og NAV økonomi imot pensjon nettokrav til innkrevjing som dei posterer på posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 48 mill. kroner.

#### *Post 87 Diverse inntekter*

Løyvinga for 2019 er 19,2 mill. kroner.

Inntektene på posten er venta å bli 18 mill. kroner i 2019, 1,2 mill. kroner lågare enn løyvinga.

Lågare inntektsanslaget skuldast i hovudsak at det er venta færre saker som medfører gebyr eller tvangsmulkt. Vidare er det venta lågare inntekter frå tolketenester på stønadsområdet.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,2 mill. kroner.

#### *Post 88 Hjelpemiddelsentralar mv.*

Løyvinga for 2019 er 68 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Arbeids- og sosialdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Arbeids- og sosialdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
601		Utgreiingsverksemd, forskning mv.	
	70	Tilskott, blir redusert med ..... frå kr 26 730 000 til kr 25 730 000	1 000 000
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under post 21,</i> blir redusert med ..... frå kr 352 500 000 til kr 58 500 000	294 000 000
605		Arbeids- og velferdsetaten	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 11 844 068 000 til kr 11 833 918 000	10 150 000
	22	Forskings- og utgreiingsverksemd, blir redusert med ..... frå kr 57 185 000 til kr 54 635 000	2 550 000
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med ..... frå kr 4 970 000 000 til kr 4 906 000 000	64 000 000
	22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving,</i> blir auka med ..... Frå kr -1 649 000 000 til kr -1 608 000 000	41 000 000
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med ..... frå kr 176 000 000 til kr 169 000 000	7 000 000
614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 32 000 000 til kr 34 000 000	2 000 000
	90	Utlån, <i>overslagsløyving,</i> blir auka med ..... frå kr 10 100 000 000 til kr 11 800 000 000	1 700 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 91 000 000 til kr 85 000 000	6 000 000
616		Gruppelivsforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 206 000 000 til kr 170 000 000	36 000 000
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	76	Tiltak for arbeidssøklarar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 7 095 545 000 til 7 091 045 000	4 500 000
	78	Tilskott til arbeids- og utdanningsreiser, blir auka med ..... frå kr 68 120 000 til kr 72 620 000	4 500 000
635		Venteløn	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 12 000 000 til kr 11 000 000	1 000 000
640		Arbeidstilsynet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 693 003 000 til kr 693 678 000	675 000
	21	Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod, blir auka med ..... frå kr 11 800 000 til kr 14 000 000	2 200 000
642		Petroleumstilsynet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 29 400 000 til kr 30 000 000	600 000
648		Arbeidsretten, Riksmekklaren mv.	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 600 000 til kr 1 000 000	600 000
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 58 000 000 til kr 57 000 000	1 000 000
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 160 000 000 til kr 163 000 000	3 000 000
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med ..... frå kr 39 000 000 til kr 40 000 000	1 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 2 480 000 000 til kr 2 490 000 000	10 000 000
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 330 000 000 til kr 320 000 000	10 000 000
2470		Statens pensjonskasse	
	24	Driftsresultat:	
		1. Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-657 695 000
		2. Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	448 822 000
		3. Avskrivningar	130 606 000
		4. Renter av statens kapital	207 000
		5. Til investeringsføremål	55 645 000
		6. Til reguleringsfond	5 000 000
			<u>-17 415 000</u>
2541		Dagpengar	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 9 200 000 000 til kr 9 040 000 000	160 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.	
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 845 000 000 til kr 945 000 000	100 000 000
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
	72	Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 147 000 000 til kr 132 000 000	15 000 000
	73	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 72 000 000 til kr 65 000 000	7 000 000
	76	Bidragforskott, blir redusert med ..... frå kr 720 000 000 til kr 715 000 000	5 000 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 37 300 000 000 til kr 37 560 000 000	260 000 000
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 380 000 000 til kr 1 390 000 000	10 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	51 500 000
		frå kr 946 500 000 til kr 895 000 000	
	76	Tilskott til ekspertbistand og kompetansetiltak for sjukmelde, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	53 500 000
		frå kr 102 000 000 til kr 48 500 000	
2651		Arbeidsavklaringspengar	
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 182 000 000 til kr 172 000 000	
	72	Legeerklæringar, blir redusert med .....	5 000 000
		frå kr 390 000 000 til kr 385 000 000	
2655		Uføre	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	300 000 000
		frå kr 94 490 000 000 til kr 94 790 000 000	
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 70 000 000 til kr 68 000 000	
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	3 000 000
		frå kr 40 000 000 til kr 43 000 000	
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	20 000 000
		frå kr 1 740 000 000 til kr 1 720 000 000	
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	10 000 000
		frå kr 1 540 000 000 til kr 1 550 000 000	
	72	Stønad til servicehund, blir redusert med .....	645 000
		frå kr 5 145 000 til kr 4 500 000	
	73	Hjelpemiddel mv. under arbeid og utdanning, blir auka med .....	3 000 000
		frå kr 126 000 000 til kr 129 000 000	
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir auka med .....	130 000 000
		frå kr 3 340 000 000 til kr 3 470 000 000	
	76	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester, blir redusert med .....	5 000 000
		frå kr 310 000 000 til kr 305 000 000	
	77	Ortopediske hjelpemiddel, blir auka med .....	30 000 000
		frå kr 1 570 000 000 til kr 1 600 000 000	
	78	Høyreapparat, blir auka med .....	20 000 000
		frå kr 710 000 000 til kr 730 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	79	Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år, blir auka med ..... frå kr 65 450 000 til kr 66 095 000	645 000
2670		Alderdom	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 147 550 000 000 til kr 147 640 000 000	90 000 000
	72	Inntektspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 2 740 000 000 til kr 2 590 000 000	150 000 000
	73	Sært tillegg, pensjonstillegg mv., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 6 180 000 000 til kr 6 190 000 000	10 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 090 000 000 til kr 1 105 000 000	15 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 810 000 000 til kr 825 000 000	15 000 000
	74	Utdanningsstønad, blir redusert med ..... frå kr 300 000 til kr 200 000	100 000
2686		Stønad ved gravferd	
	70	Stønad ved gravferd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 205 000 000 til kr 210 000 000	5 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3605		Arbeids- og velferdsetaten	
	04	Tolketenester, blir auka med ..... frå kr 2 655 000 til kr 4 505 000	1 850 000
3614		Bustadlâneordninga i Statens pensjonskasse	
	01	Gebyrinntekter, lån, blir auka med ..... frå kr 28 000 000 til kr 30 000 000	2 000 000
	90	Tilbakebetaling av lån, blir redusert med ..... frå kr 11 100 000 000 til kr 10 300 000 000	800 000 000
3634		Arbeidsmarknadstiltak	
	85	Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak, blir auka med ..... frå kr 200 000 til kr 7 700 000	7 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3640		Arbeidstilsynet	
	04	Kjemikaliekontroll, gebyr, blir redusert med ..... frå kr 7 006 000 til kr 4 306 000	2 700 000
	05	Tvangsmulkt, blir auka med ..... frå kr 2 535 000 til kr 8 000 000	5 465 000
(NY)	06	Refusjonar, blir løyva med .....	2 400 000
	07	Byggesakshandsaming, gebyr, blir redusert med ..... frå kr 22 725 000 til kr 21 000 000	1 725 000
	08	Refusjon utgifter regionale verneombod, blir auka med ..... frå kr 13 090 000 til kr 14 000 000	910 000
(NY)	09	Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket, blir løyva med .....	33 000 000
3642		Petroleumstilsynet	
	03	Gebyr tilsyn, blir auka med ..... frå kr 71 170 000 til kr 80 370 000	9 200 000
5571		Sektoravgifter under Arbeids- og sosialdepartementet	
	70	Petroleumstilsynet – sektoravgift, blir redusert med ..... frå kr 122 120 000 til kr 116 620 000	5 500 000
5607		Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	80	Renter, blir redusert med ..... frå kr 1 048 000 000 til kr 938 000 000	110 000 000
5701		Diverse inntekter	
	71	Refusjon ved yrkesskade, blir redusert med ..... frå kr 774 500 000 til kr 770 528 000	3 972 000
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med ..... frå kr 235 000 000 til kr 215 000 000	20 000 000
	80	Renter, blir redusert med ..... frå kr 1 700 000 til kr 700 000	1 000 000
	86	Innkrevjing feilutbetalingar, blir auka med ..... frå kr 1 205 000 000 til kr 1 253 000 000	48 000 000
	87	Diverse inntekter, blir redusert med ..... frå kr 19 200 000 til kr 18 050 000	1 150 000
	88	Hjelpemiddelsentralar mv., blir auka med ..... frå kr 68 000 000 til kr 75 000 000	7 000 000



Kap.	Post	Formål	Kroner
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	
	70	Dividende, blir redusert med ..... frå kr 200 000 000 til kr 175 000 000	25 000 000
5705		Refusjon av dagpengar	
	70	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs, blir auka med ..... frå kr 13 000 000 til kr 23 000 000	10 000 000

---

---





